

Ny "start" for viktig sti til fjells

04.06.2009



Stien opp mot Storhaug har fått ein ny "start" nede ved busslomma. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turgruppa i idrettslaget med Steinar Haugland i spissen gjer ein stor innsats for å forbetra turstiane til fjells og med skilting og merking av desse.

Framfor den nye sesongen kan gruppa også, med kommunen som kilde, presentera eit oppdatert kart som viser stiane slik dei er i dag. Det kjem i Uskedalsposten med det fyrste.

Her er ei oppdatering over det som ellers skjer og har skjedd:



* Starten på stien mot fjellet øverst i Halsane var ikkje heilt enkel å finna for dei som ikkje lokalkjende. No har denne stien fått ein "ny start" i busslomma heilt nede ved riksvegen der han er skilta med Mannsvatn og Solfjell. Stien oppover mot den gamle stistarten er merka med T-ar. Denne våren er heile stien oppover til Storhaug rydda på dugnad og det har vorte ein brei trase.

* Stien til Solfjell vil bli rydda skikkeleg framfor det aller første Solfjellslopet i slutten av denne månaden. Den er frå før godt merka men bør bli breiare av omsyn til løparane.

* To karar er no i gang med å rydda stien frå vassverket og innover Eikedalen - til Eikedalskaret. Også her var stitraseen sterkt attgrodd. Stien videre til Englafjell vart merka i fjar.

* Ulvanåso er sterkt prioritert dette året, men her ventar ein på at snøen skal bli borte slik at ein kommer i gang med merkinga mot dei høgereliggjande delene av ruta. Men det er planlagt rydding i nær framtid opp til Låganåso. Turen til Nåso frå Uskedalen har skilta startpunkter ikkje berre ved kalkdoseraren og bruva lenger oppe i dalen, men også like ved idrettsbana.

* Det er eit ønskje om betre turstiilbod også nede i bygda og her kjem Gamle Rødsvegen inn i biletet. Den går frå Halsane til Rød, men har grodd att etter å ha vorte "nyintrodusert" for nokre år sidan. .

Turgruppa ønskjer at lokale folk tek seg av å rydda denne fine ruta og også stien opp mot Storhaug som tek av frå denne. Dermed kan dei legga til rette for ein fin sundagsrundtur!

* Det omtala turstiprosjektet for heile Kvinnherad som skal leggjast ut på nettet går sin gang. Men dei skiltene som hører til får ein ikke før til hausten og karta for Uskedalsområdet er enno ikke lagt ut på nettet. Men dei kjem etterkvart.

Av Ola Matti Mathisen